

# Arealbruk – sentralt for naturmangfald

I ei tid der urbanisering og økonomisk vekst har stått i fokus, har me fått utfordringar med tap av naturlege habitat, biodiversitet og klimaendringar. Arealendringar utgjer ei av dei største truslane mot biologisk mangfald, og vår noverande arealbruk er ikkje berekraftig. For å bremsa tapet av naturmangfald, er to viktige tiltak å avgrensa bruk til område som alt er påverka og fortetting av eksisterande utbygde område. Dette er viktige tiltak som er omtala i Grønt hytteliv-prosjektet, eit samarbeidsprosjekt med Voss, Eidfjord, Bergen og fylkeskommunen. Prosjektet har som mål å fremja ein meir berekraftig tilnærming til hyttelivet. Eit grep er at framtidige utbyggingar på Kvamskogen bør organiserast slik at allereie utbygde areal vert nytta meir effektivt, i staden for å byggje ut nye område. Kvam har og fått støtte frå Miljødirektoratet til å gjennomføre ein planvask, der gamle planar som ikkje lenger er relevante, utgår. "Vasken" vert gjort basert på den nyaste kunnskapen me har i dag, og er eit tiltak for å redusera ny utbygging og verne om naturen.



Utsikt mot Kvamskogen frå Tryglakleiv

**Fotograf:** Thor-Arvid Pedersen

I Kvam herad har me vedteke eit klimabudsjett for 2024, som inkluderer auka kunnskap om arealrekneskap for å betre forstå verknaden av arealendringar lokalt. Klimabudsjettet understrekar òg behovet for å kartleggje myrområde i samband med nye planar. Myrområda, der allereie ein tredjedel er tapt, er rekna som ein spesielt viktig naturtype på grunn av deira eigenskap som karbonlager. Dei utgjer den mest effektive karbonlagringseininga på landjorda. Myr har og ei rekke andre viktige funksjonar, som reinsing av vatn, flaumdemping og habitat for ein mangfaldig flora og

fauna. Mange artar er heilt avhengige av våtmarker som sitt einaste habitat, og tapet av desse områda truar deira eksistens. Redusert myrareal kan føre til nedgang i fuglepopulasjonar, og trekkfuglar er spesielt utsette. Heile 40 % av norske fugleartar er no oppførte på raudlista, noko som også skuldast nedgang i insektpopulasjonar og tap av naturskog.



Utsikt mot Lendefjell

**Fotograf:** Inger Dysvik

Insekta, soppa og lav er avhengige av spesifikke miljøforhold, som inkluderer gamle tre, død ved og høg fuktighet. Bevaring av gjenværande urskog og naturskog er av avgjerande betydning for å hindre tapet av hundrevis av artar. Berekraftig skogforvaltning er essensiell for å sikra framtidig biologisk mangfold. Frivillig skogvern i Vestland i regi av Statsforvaltaren i Vestland, er blant tiltaka for å ta vare på skognatur i Noreg. Dei kan kontaktast om du eig utmark utan for mykje inngrep, sjå nettsida [Frivillig skogvern i Vestland | Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](#). Denne ordninga gjev grunneigarar skattefrie, gunstige erstatningar for det verna området, som får status som naturreservat. Ordninga vernar skogen mot hogst og andre inngrep samstundes som grunneigaren beheld eigarskapet. Frivillig skogvern tillét framleis aktivitetar som jakt, beite og fiske, og gir moglegheit for vedlikehald og bruk av bygningar innanfor dei fastsette retningslinjene i verneforskrifter og forvaltningsplanar. Mangel-analysar viser at det er underdekning av vern av dei fleste naturtypane i Vestland. Særleg viktig er det å få verna førekommstar av vestnorsk regnskog (temperert regnskog).



**Fotograf:** Aina Tjosås

I Kvam herad har me naturverdiar me kan vere stolte av – og som er viktige å ta vare på. Til dømes har området rundt Fuglafjellet store inngrepsfrie naturareal. Vårt sørvestlige landskap er med på å gjera at edellauvskogen i Kvam har eit av dei beste vekstforholda i landet. Me har fleire førekommstar av rik edellauvskog som er klassifisert som «viktige» og «svært viktige» naturverdiar.

Naturen viser ei utrølig evne til å retta opp att seg sjølv når den får plass og tid til å regenerera. For at komande generasjonar skal kunne få gle seg over det fantastiske naturlandskapet i Kvam, krevst det at me tek vare på tilstrekkelege store område for å sikra naturmangfaldet vårt.

**Send gjerne mail til miljøkoordinator Stine Marie Iversen**

E-post: [stiive@kvam.hered.no](mailto:stiive@kvam.hered.no) om de har spørsmål eller ynskjer å foreslå tema for framtidige nyhendebrev.